



VTI Langrenn og Skiskyting

Aktivitets-årsmedling skisesongen 2015-2016

Volda Langrenn og Skiskyting har hatt ein god skisesong 2015-2016!

Med drivande eldsjellar, aktive løparar og god støtte i foreldregruppene har me bode stor idrettsglede og sportsleg utvikling i laget. Aktivitetslaget er også godt drive økonomisk, og me har solid støtte i det lokale næringslivet. Støtta blir nytta til det aktive barne- og ungdomsarbeidet og anleggsutvikling.

Me har hatt opptil 100 startande på kvart klubbrenn denne sesongen.

To av ungdomane våre har delteke fast i norgescupen i skiskyting.

Treningane starta på barmark allereie i august bode for langrenn og skiskyting.

Det har vore tilbod til alle alderar og aktivitetsnivå, frå dei minste der nyttig trening er innlagt i leiken, til hard trening for tenåringer og vaksne.

Det vart også i år arrangert skiskyttarskule, og fleire rekruttar har halde fram gjennom vinteren.

Me starta sesongen med gode nye lagsdrakter med Volda Langrenn og Skiskyting sitt nye felles design svart og raudt.

Skiskyttarrenn som VTI-ski hadde planlagt på Reset rett før jul måtte grunna snømangel flyttast til Hornindal, der det akkurat var nok snø til rennet var gjennomført. VTI var med og arrangerte også der.

Også det vel planlagte store Krinsmeisterskapen som skulle gå i Volda rett etter nyttår måtte utgå sida snøen berre var på korte vitjingar.

Nokre av våre aktive klarte ikkje å vente lenger på snøen, og drog på romjulsrenn på Bjorli.

Langrennet Ullsrennet i Stryn tidleg i januar samlar godt med løparar frå heile området, og VTI-ski var representert i fleire klasser.

Snøen på Reset kom i januar, og me fekk gjennomført fleire glade treningar og to Sparebank1-cuprenn, bode i langrenn og skiskyting.

Men regnet og varmen slo inn igjen mot slutten av månaden, og reiste med bode snøen og heile sonerenet i langrenn som me hadde førebudd til siste dagen i januar.

Helga før var ein bra gjeng frå VTI-ski på KM langrenn på Bondalseidet, som akkurat gjekk å gjennomføre i det snøen fôr...

På Austlandet var det bra med snø, og VTI var godt representerte i Kvalfoss sprinten for unge skiskyttarar. Det er femte året på rad VTI deltek på dette arrangementet i Holmenkollen, Oslo.

Også oppe på Ålandsleitet på Hopland heldt det med nok snø til at KM kunne gjennomførast, og ein motivert gjeng frå VTI synte seg godt fram i Nordfjordbygda første helga i februar.

Helga etter var det KM skiskyting på Stårheim i fint vêr, god innsats og godt oppmøte frå VTI.

Heldigvis: Også på Reset i Volda kom vinteren solid og godt uti februar, og me fekk verkeleg gode tilhøve i løypene heile resten av sesongen.

Voldameisterskapen i skiskyting er ei god familiehending, og me fekk ein bra dag, sjølv om meldingane var spøkande.

Voldameisterskapen i langrenn gjekk i godt vêr første helga i mars. Litt varierende vêrutsikter trur me var grunn til at talet på startande i år tippa under 100, men vêret vart bra, og det vart synt stor innsats i alle klassar. Saman med lukta av nysteikte vaflar vart det enno ein flott dag på Volda skistadion.

Helga etter var det KM skiskyting i Synnylven med gode forhold, der VTI var største klubb.

Midt i mars var på sonerenn langrenn på Bondalseidet. VTI var representert med åtte løparar, da mange var på VM skiskyting i Holmenkollen denne helga.

Ein stor gjeng reiste til Ål på Bendit Liatoppen skiskyttarfestival i april. Dette er verda si største mønstringa av skiskyttarborn.

På seinvinteren var det elles ei artig helgasamling på Reset for dei yngre jentene i skiskyttarkrinsen.

VTI Langrenn og Skiskyting har arrangert heile åtte Sparebank1-cuprenn denne vinteren, korav fem i langrenn og tre i skiskyting.

På vårparten hadde me felles treningssesong-avslutning for borna, med pølser og varm drikke, hopp og kuleløype (sjølv sagt med langrennsski for balansetrening)

Vårens premieutdelingsfest for serierenna heldt me i kantina på Høgskulen 6.april.

Me ser at mykje folk kosar seg i løypene våre bode kvardagar og helg. Det er langt fleire enn dei me har registrert i medlemslistene, men me finn det berre bra at mange trivst på ski, og håper folket vil legge i litt i løypedrifta ved å betale den friviljuge løypeavgifta/løypebidraget, t.d. via vår mCash.

Styret i Sogn og Fjordane Skiskyttarkrins kåra i vinter Rune Totland til krisen sin fremste eldsjel, for arbeidet han har lagt ned for Volda Langrenn og Skiskyting!

Premien var eit æresgjest-opphald under VM i Holmenkollen- Rune valte å dele premien med ein annan av VTI sine store eldsjeler; Leif-Tore Telseth.

Under voldameisterskapen i år tok me for første gong det nye mobilbetalingssystemet mCash i bruk. Det gjekk såpass bra at det vidare blir nytta på dei aller fleste renn og arrangement – bode for rennavgift, løypebidrag og kiosk-handel.

Nok ein gong må me takke alle gode arrangementsnemnder og friviljuge trenarar og dugnadsgjengar for innsatsen.

Vidare vil me takke lokalavisene for god dekning av arrangementa våre.

Våre viktige sponsorar fortener ein stor takk for støtta dei gir til arbeidet vårt: Støtta er avgjerande for å halde oppe- og utvikle tilbodet for sunn idrett og aktive borne og ungdom!

Og ein stor takk til dei sjølve -dei aktive borna og deltakarane, for innsats og treningsglede – som gir slik motivasjon for oss trenarane!

Og ikkje minst: Takk til foreldre og besteforeldre for god oppfølging og heiarop for alle!

Ski-gleda lev i Volda!

For VTI Langrenn og Skiskyting

Jonas Reitan